

Referat frå møte i elevrådet 13.september 2018

Til stades:

2.kl:	Leon og Emina	3.kl:	Olivia og Kevin	4.kl:	Isak og Natalie
5.kl:	August og Tuva	6.kl:	Jonas og Mathias	7.kl:	Helena og Sølve

Sak 1 Konstituering – val av leiar og nestleiar

Jonas og Mathias stilte til val som leiar. Mathias fekk flest stemmer og vart vald til leiar.
Helena og Tuva stilte til val som nestleiar. Tuva fekk flest stemmer vart vald til nestleiar.

Sak 2 Klassereglar

Klassereglane vart presentert på møtet. Alle hadde førebudd seg godt. Reglane som er laga ute i klassene skal følgjast opp og evaluerast jamleg. Kva er de blitt gode på og kva må klassen jobbe meir med! Er det ting på skulen vi saman må ta tak i? Drøft i klassemøte og gi melding tiul elevrådet!

Sak 3 «Kom og leik» hausten 2018

Det vart informert om organisering og opplegg for denne hausten. Elevane gler seg til at «Kom og leik» kjem i gang.

Sak 4 Saker frå klassene

- Elevane ynskjer seg klasseball, fleire leikar i uteskuret (ulike baller, hjelmer, fleire bilar, køller til slåball, badminton, hoppetau, kritt til å teikne på asfalten mm). Ny og sterkare lyspære i skuret? Ny kost?
- Kan tastatur på elevpc-ane reparerast?
- Elevane set pris på konsertane i Amfiet og spør om dei kan ha fleire.

Sak 4 Korleis tek vi vare på eigne, andre og skulen sine eigendelar?

Drøft dette i klassen og ta med framlegg til møtet i elevrådet.

Denne saka rakk vi ikkje. Vi tek den opp på neste møte.

TAKK TIL ALLE FOR EIT GODT MØTE ☺

Referent: Anne Wergeland, rektor

